



Irena Nykiel
Gangstøvegen 31
5911 ALVERSUND

Referanser:
Dykkar:
Vår: 17/685 - 19/25837

Saksbehandlar:
Linda Folkestad
Linda.Folkestad@lindas.kommune.no

Dato:
29.08.2019

Anmodning om klypp av hekk og anna vegetasjon langs kommunal veg - Gbnr 134/176 - Gangstøvegen

Lindås kommune ved vegavdelinga har registrert at det på Dykkar eigedom veks ei høg hekk som tek sikt langs kommunal veg. Langs offentlege veger er det krav om sikt i svinger, vegkryss og avkjørsler. Størrelse på siktsone vert definert ut i frå fartsgrense og vegen sin ÅDT (årleg døgn trafikk).

Lindås kommune anmoder Dykk som eigar av hekk om å få utført klypp av denne slik at den ikkje er til hinder for sikt langs kommunevegen. Lindås kommune kan i «enkeltvedtak» pålegge grunneigar om å utføre klypp av hekk, kratt og anna vegetasjon som veks langs kommunal veg og i siktsone. I vedtaka vert det sett ei frist for å få utført klypp. Dersom grunneigar ikkje har utført arbeid med klypp innan ei gitt frist, kan kommunen få utført arbeid for grunneigar rekning. Kommunen nyttar tungt maskinelt utstyr som gjev grovt resultat. Arbeid vert betre dersom grunneigar utfører dette sjølv. Dersom kommunen må utføre arbeid vil kvist og anna avfall verte langt inn på eigdommen.

Vi gjer merksam på at der vegetasjon utgjer ei risikofare for trafikken, kan kommunen utføre arbeid utan yttarligare varsel.



I samband med at det er komme inn klager på siktforhold i svingen har vegavdelinga registert at det er etablert ei ny avkjørsle frå kommunal veg. Vi kan ikkje sjå at det er søkt om og gitt løyve til etablering av denne. Vi gjer merksam på at det berre vert gitt eit avkjøringsløyve per eigedom.

Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311
Org.nr. 935 084 733





Flyfoto 2018



Flyfoto 2015

Vegavdelinga har også registrert eit bygg som er plassert i grensa mot kommunal veg. Mot kommunal veg er det byggegrense. Byggegrensa er, iht til Veglova, 15 meter (målt frå vegmidt kommunal veg). Tiltak som skal plasserast nærare kommunal veg enn 15 meter er søknadspliktig etter Veglova. Søknadsplikt etter Veglova gjeld uavhengig av plan og bygningslova. Grunneigar er ansvarleg for å undersøkje om tiltak krev løyve etter anna regelverk enn plan og bygningslova.

På bakgrunn av manglande godkjenningar har vegmynde registrert avkjørsle og bygg som ulovlege etablert. Vegmynde vil komme tilbake til utførte tiltak i eigen sak.

Førehandsvarsel om pålegg:

Lindås kommune ved vegavdelinga anser dette brev som eit førehandsvarsel om muleg pålegg om klypp av hekk/vegetasjon langs kommunal veg. Førehandsvarsel er gitt iht forvaltningslova § 16.

Med helsing

Rune Kilen
Avdelingsleiar veg

Linda Folkestad
saksbehandlar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Irena Nykiel
Marek Nykiel

Gangstøvegen 31 5911
Gangstøvegen 31 5911

ALVERSUND
ALVERSUND